



Jotunheimen  
nasjonalpark

# Opplev brelandskapet

Experience the  
glacier landscape



Taulag på breen. Foto Live Andrea Sulheim.  
Hikers safely roped together on a glacier.

Ein gong var heile Noreg dekt av is.  
Frå her ved Krossbu mot Bøverbrean  
og Leirbrean vandrar du i eit landskap  
med spor etter fleire istider.

The whole of Norway was  
once covered with ice. From  
here at Krossbu, you can walk  
towards the Bøverbrean and  
Leirbrean glaciers across a  
landscape that bears the  
marks of several ice ages.

Breane har forma landet gjennom tusenar av år, og gjer det framleis. Ein bre er heile tida i bevegelse og sklir sakte framover. Undervegs transporterer han stein og lausmassar. Når breen smeltar, blir massane liggjande att som morenar (lange og smale høgder i terrenget). Dette viser korleis isbreane har forma landskapet. I dette området ligg det over hundre slike morenar.

The glaciers have been shaping the land for thousands of years - and continue to do so. A glacier is in motion all the time, slowly sliding forwards. Along the way it transports stones and loose material. When the glacier melts, this material is left behind as moraines (long, narrow ridges in the landscape). This shows how the glaciers have shaped the landscape. There are more than a hundred such moraines in this area.

Breane er vakre å sjå på, men kan også vere farlege. Isbreen kalvar ved at is i fronten av breen brotnar av og fell ned. Skjult under snøen finst det sprekkar som kan vere fleire meter breie og over 20 meter djupe. Gå aldri inntil eller opp på breen utan følgje med nokon som har god kunnskap om bre og utstyr. Slik får du ei spennande, men trygg oppleving.

The glaciers are beautiful to look at, but they can be dangerous. Glaciers calve - the ice at the front of the glacier shears off and falls. Hidden below the snow are crevasses that may be several metres wide and over twenty metres deep. Never walk up to or on a glacier unless you are with someone who knows about the glacier and the equipment to use. That way you can enjoy an exciting, but safe, experience.